

Dobla interesse for Nibberittet

Så langt har Nibberittet med høgdeforskjell på 1500 høgdemeter, meir enn dobbelt så mange påmelde som i fjor.

GEIRANGER. Daglege overføringer frå Giro d'Italia er berre ein av mange grunnar til at sykkelinteressa er i ferd med å nå nye høgder. Så langt har dobbelt så mange som i fjor meldt seg på Nibberittet i Geiranger. Den beintøffe løypa på 21 km, frå Geirangerfjorden og opp på den 1500 meter høge Dalsnibba, har lokka stadig større skarar syklistar. Motbakkeløp på sykkel har blitt veldig populært. Så er det også litt av ei naturoppleving, seier Bente Flem frå Geiranger Idrettslag.



Bente Flem i Geiranger idrettslag prøvesykla den 21 kilometer lange løypa frå fjorden til Dalsnibba sist helg. Litt av ei naturoppleving, seier ho. FOTO: TERJE DREGE RUSTEN

Fjord til fjell. Løpet Geiranger frå fjord til fjell, som blir arrangert laurdag 16. juni, har utfordringar tilpassa dei fleste formnivå. Nibberittet på sykkel blir arrangert for 8. gong i år. Dei raskaste brukar ein time på turen.

Dei som heller vil springe, kan melde seg på Geiranger halvmaraton, som også går frå fjorden og til toppen av Dalsnibba. Dette arrangementet er det 14. i rekkja. For dei som legg større vekt på roleg turglede, er Geirangermarsjen eit alternativ. Her kan ein anten gå heile distansen eller køyre til Dalen gård og gå 16-kilometersløypa. Det er også mogleg å gå dei siste fem

kilometerane av traseen med start ved Djupvasshytta.

Paragliders. Nytt av året er at arrangørane har fått lov til å stenge den tronge Nibbevegen så lange arrangementet står på. For å få resultatlistene ned frå toppen av Dalsnibba og ned til fjorden, er Ålesund paragliderklubb engasjert som brevdue. Ut på ettermiddagen blir det premi-

eutdeling, musikk og underhaldning ved kaia, fortel Bente Flem.

På grunn av den rekordstore påmeldinga oppmodar vi løparane om ikkje å ta med følgjebil. Då blir det trafikkaos. Men vi vil ha med så mange som mogleg og vi tek imot påmeldingar heilt til siste dag, seier Bente Flem.

KJETIL TANDSTAD
kjetil.tandstad@smp.no

Vil utvikle lokalsjukehusa

HELSE. Helse Førde har søkt om 11,5 millionar kroner for å utvikle lokalsjukehusa. Målet er å auke tryggleiken når det oppstår akutte situasjonar.

Midlane er tenkt til utvikling av den akuttmedisinske kjeda i lokalsjukehusområda, samt etablering av teledialyse på lokalsjukehusa.

– Stikkorda for begge prosjekta er ny teknologi og eit betre tilbod til innbyggjarane i distrikta. Nøkkelen for å få det til er tett samarbeid med kommunane, seier Jon Bolstad, adm.dir. i Helse Førde.

Stortinget løyvde 50 millionar kroner til auka samhandling og vidareutvikling

av lokalsjukehusa, og det er desse pengane det no blir søkt om midlar frå.

Utviklinga av den akuttmedisinske kjeda i lokalsjukehusområda er eit stort prosjekt der felles kommunal legevakt, felles akuttmottak, akuttmedisinske team og telemedisin er sentrale tema. Mellom anna ønskjer ein å samordne ressursar ved sjukehusa og i kommunane.

Eitt av tiltaka Helse Førde vil bruke pengar på er felles kommunal legevakt og felles akuttmottak ved Nordfjord sjukehus.

ANNE-MARI TOMASGARD
anne-mari.tomasgard@smp.no

SFE fekk medhald

RETTSSAK. Høgsterett sitt kjæremålsuttval avviste anken frå grunneigarane i Gjengedalsvassdraget, og lagmannsretten sin dom er dermed rettskraftig. Det inneber at Sogn og Fjordane Energi vann saka. Tvistesaka mellom dette SFE Produksjon og grunneigarane galdt storlei-

ken på årleg betaling for fallrettane. Grunneigarane gjekk til sak og vann fram med synet sitt i tingretten, men har seinare tapt i rettsystemet. SFE har fått medhald både når det gjeld spørsmålet om brukstid og betaling av elavgifta, i følgje ei pressemelding frå kraftselskapet.

Sommer-

FRYD

Vedlikeholdsfrie hagemøbler i plastrotting som tåler regn!

NESTEN 1/2 PRIS.

HAGEMØBLER
Gruppepris inkl. puter
2 stoler + 2-seter + bord

ORD. 10.270 **5900**

SPISESTUESTOL
Brun, sort. Heltre oljet eik

ORD. 1250 **590**

SPISEBORD I EIK
Oljet heltre.

INKL. 6 STOLER **6900**

SPISESTUESTOL
Brun, sort. Heltre oljet eik

ORD. 1298 **790**

SPISEBORD I BEISET, MASSIV EIK
100x210 (260)
inkl. Ileggsplate

ORD. 8700 **5990**

VÅR LAVE FØRPRIS 13.400,-

Moa tekstil-engros

STORMOA ÅPENT: KL. 10-20 (18) • TLF. 70 15 15 18